



[Spørsmål på Sandabakkane i dag](#)

Skal Uskedalen gro att?

Det er spørsmålet dei få attverande bøndene i bygda stillar seg etter å ha registrert regjeringa sitt magre og overraskande tilbod til bøndene.

Dei er med på spontan-aksjonen som er sett igang og som kjem til uttrykk på plakatar både i Uskedalen og Omvikdalen. uskedalen.no har møtt ei kamplysten gruppe som er kraftig provosert av at dei får berre 17.000 kroner i pluss pr. årsverk.



Uskedalsbøndene er kamplystne. Her står Hans Reidar Kjærland, Runar Myklebust, Lars Haugland, Gaute Moberg, Tor Ove Haugland og Olav Hjetland Bringedal foran ein av dei oppsette plakatane.

- Vi er svikta på det grovaste av regjeringa. Provokasjonen er ekstra stor sidan alle 3 regjeringspartia i samband med bodstikkefestetten lova å stimulera til auka matproduksjon over heile landet.

Det seier Olav Hjetland Bringedal på vegne av Uskedalsbøndene og peikar på dei nakne tala som illustrerar situasjonen:

For å tena 250.000 som bonde krevst det 1,6 årsverk medan ein for å tena 450.000 i industrien klarer seg med 1 årsverk.

- Vi krev kronemessig lik auke i inntekta som andre arbeidtakarar, seier Bringedal og held fram:

- I dag er skilnaden i inntekt altfor stor med dei konsekvensar det har for sysselsettjing og rekruttering. Og kven skal vedlikehalda det norske kulturlandskapet hvis ikkje bøndene gjer det? Korleis vil det gå for reiselivsnæringa hvis landet gror att?

Ikkje minst er det grunn til å stilla spørsmål om kor det har vorte av lovnaden frå regjeringspartia om at ein skulle sikra norsk produksjon av mat i ei tid der verdas matfat vert tomt.. Dette skulle skje gjennom eit inntektsløft og auka fokus på å sikra matjorda. No peikar politikken i den motsette retningen slik at gapet blir større og konsekvensane alvorlegare..

Korleis ser så Uskedalsbøndene på den aksjonen dei sjølve har vore med på å starta? Dei er fullt ut innstilte på deltaking i ein opptrapping hvis det ikkje skjer noko positivt på høgste hald. Men kva aksjonsfomer som då kan bli aktuelle ynskjer dei ikkje å spekulera om i dag.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen